



Asplan Viak

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1894 - 17/14185

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
30.11.2017

## **Byggesak Gnr 26/3 m.fleire Listveiten - framføring av vatn til Listveiten og Mykingvatnet - rammeløyve**

Delegasjonssak nr.: 268/2017

Deleget vedtak etter plan og bygningslova § 20-1, §20-3

**Adresse** : Grindheim - Lilletveit - Myking

**Tiltakshavar** : Radøy Kommune

**Ansvarleg søker** : Asplan Viak AS

**Søknadstype** : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett - rammeløyve

### **Saksutgreiing:**

#### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om rammeløyve for framføring av vassleidning frå Grindheim gjennom Mykingvatnet til Lilletveit.

Radøy kommune planlegg å leggje ny Ø100 mm. leidning til Lilletveit for å etablere offentlig vassforsyning til Lilletveit-området. Vassleidningen vert knytt til dei kommunale vassleidningane på Grindheim og via Mykingvatnet til Lilletveit som vist i teikningar vedlagt søknaden.

Vassleidning vert tilknytt til eksisterande kum på Grindheim, mens det på Lilletveit vil verte montert ny kum med uttak til dei aktuelle abonnentane.

Det vert elles vist til søknad mottatt 27.09.2017, supplert 16.11.2017 og 24.11.2017.

#### **Planstatus**

Eigedomane ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som LNF-område.

### **Uttalekrav frå annan styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå annan styresmakt.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplan for Radøy 2011-2023.

Det er søkt dispensasjon frå med slik grunngjeving:

#### **Gjeld søknad om rammeløyve – ny vassleidning Listveit**

#### **Grunngjeving av søknad om dispensasjon**

*Det skal leggjast ny kommunal vassleidning på Listveit for å etablere offentleg vassforsyning til busetnaden på Listveit. Den nye vassleidningen går frå Grindheim til Listveit og er ein ny Ø 110 mm PE 100 vassleidning. Total lengde på vassleidningen er om lag 2020 meter kvar om lag 1800 meter ligg i Mykingsvatnet. På Grindheim skal leidningen knyte seg til eksisterande communal vasskum, mens på Listveit skal det monterast ny ventilkum med uttak til dei aktuelle abonnementar.*

*Når arbeidet er ferdig vil det ikkje vera andre synlege komponentar enn kummelokka. Vi kan derfor ikkje sjå at planlagt ny vassleidning på nokon måte vil føre til ulemper for allmenta eller omkring liggjande naboar.*

*På bakgrunn av ovannemnde meiner vi difor at det ikkje er andre løysingar enn å gje dispensasjon frå LNF-område*

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg føre merknader frå tre naboar til tiltaket. Dispensasjonssøknaden er ikkje nabovarsla.

Det vises til dere rekommenderte nabovarsel seng oss for 35/4 og bruneler av vannet.

I tillegg til merknader anført av 35/2 "faktafeil" har vi ytterligere merknader:

- Koordinatfeste hvor ledningen blir lagt for hver 50 meter.
- Ledningen legges midt i vannet og/eller så dypt som mulig.
- Dere må fremlegge en fremdriftsplan for når arbeidene skal start og avslutte. (årstids avhengig i forhold til fisk/fiske).
- Leggemøte og detaljer omkring synkelodd/forankring bes dokumentert.
- Dersom dere må ha tilgang til vannet må dette særskilt avtales med grunneier.
- Kommunen har ansvaret for fremtidig flytting av ledningen dersom det blir behov for det.
- Forutsetter at samtlige grunneiere til vannet og fiskarlaget er varslet og gir samtykke til etableringen. Det fremkommer ikke på nabovarslelet hvem dette er sendt til.
- Dersom det er intensjonen at ledningen i fremtiden skal videreføres i vannet til Bø må dette også opplyses om nå.

Uten at nevnte forhold blir ivaretatt vil eier av 35/2 motsette oss legging av ledningen i vårt vann.  
Forutsetter at dere må ha 100% aksept fra samtlige grunneiere for at tiltaket skal godkjennes for å unngå en langvarig behandling(ekspropriering).

Vi ønsker at Listveiten skal få kommunalt vann men samtidig vil vi sikre oss mot fremtidige kostnader knyttet opp mot denne ledningen.

På vegne av eier av 35/2  
Mvh Jørn Myking

Viser til rekommendert nabovarsel for gnr./bnr 35/2 i Radøy i samband med prosjektert kommunal vassleidning til Listveitein.

Eg har tidlegare varsia Radøy kommune om ein viktig feil i materialet: Den kommunale kummen ligg ikkje på Myking, men på Grindheim, jf. gnr/bnr 34/9 på teikninga. Radøy kommune har stadfesta dette.

Setning 2 og 3 i nabovarselet er derfor feil:

2: Den prosjekterte leidningen er ikkje teikna inn som "tilknyttes de kommunale vannledringer på Myking", for desse er private og med mindre dimensjon enn 110 mm. Leidningen er teikna inn direkte frå Grindheim til Listveitein.

3: "Vannledning tilknyttes eksisterende vannkum på Myking" - det skal altså vera "på Grindheim".

Eg kan ikkje akseptera nabovarsel som er upresist og har faktafeil.

Med helsing

Johan Myking

Viser til nabovarsel sendt meg for 36/7 og 35/1  
i tillegg til merknader anført av 35/2 og 35/4 ønskjer eg ein avtale der eigar av vannledningen har de økonomiske ansvaret dersom det skapar framtidige økonomiske utgifter for fiskeforvaltninga i vatnet

Beste Helsing  
Helge Dragøy

Ansvarleg søker har kommentert nabomerknadane ved brev datert 14.11.2017.

Ansvarleg søker opplyser:

## VANNLEDNING LISTVEIT, MERKNADER TIL NABOVARSEL

### Radøy kommune– Vannledning til Listveit, gnr. 26 bnr 3 med flere

Vi viser til deres brev av 20.10.17, samt vår svarmail av 9. november hvor dere etterlyser våre kommentarer til merknader fra naboer. Vi har som kjent mottatt mail fra 3 naboer, og disse er besvart pr. mail til naboer. I dette brevet ønsker vi å ta stilling til de kommentarene som naboer har kommet med:

#### 1. Mail fra Johan Myking vedrørende stedsnavn:

På nabovarslene vi sendte ut navnga vi stedet for tilknytningspunktet for Myking. Punktet ligger 2 meter fra Mykingvatnet. I henhold til grunneier er det korrekte stedsnavn ved tilknytningspunkt Grindheim. Tilknytningspunkt var vedlagt på plantegning, og det bør derfor være klart hvor ledningen skal gå fra, selv om stedsnavnet gjerne er feil i tekstdelen i nabovarsel. For å spare Radøy kommune for tid og kostnader med å lage nye og sende rekommendert 36 nabovarsler, mente vi at det ikke var grunnlag for å sende ut nye nabovarsel med annet stedsnavn i beskrivelsen for det som tiltaket gjelder. Naboer som hadde fått nabovarsel nr. 2 ville gjerne også ha lurt på hvorfor de fikk nytt nabovarsel.

#### 2. Mail fra Helge Dragøy vedrørende framtidige økonomiske utgifter for fiskeforvaltningen i vannet:

Dette punkt har vi svart grunneier med at må inngå i privatrettslig erklæring vedrørende legging av vannledning i Mykingvatnet. Radøy kommune er selv ansvarlig for å inngå de nødvendige erklæringer om legging av vannledningen. Disse vil foreligge i forbindelse med IG-søknad.

#### 3. Mail fra Jørn Myking:

Her har vi svart ut de merknader han kom med. Ledning vil bli innmålt etter legging, og ledning vil bli søkt lagt hvor vannet er dypest. Framdriftsplan for prosjektet kan framlegges når det er klart med hensyn på igangsettingstillatelse og kontrakt med entreprenør er inngått. Planen var at anlegget skulle være ferdig til midten av januar når ene grunneier skal flytte inn i sitt nye hus på Listveit. Vedrørende synkelodd har vi svart grunneier at det er beskrevet boltefrie, avrundede lodd. Når det gjelder forankring, vil dette gjøres i kum på Grindheim, og med forankringskloss i grøft på land på Listveit. Dette er ivaretatt i beskrivelse for arbeidene.

Nødvendige rettigheter til leggearbeidene og å ha ledningen liggende må inngå i erklæring som Radøy kommune skal inngå med grunneierne.

Til slutt opplyste vi at ledning ikke skal forlenges videre til Bø. Dette har vi fått opplyst fra Radøy kommune.

## Heimelshavarfråsregn

Det ligg ikkje føre heimelshavarfråsregn i søknaden om rammeløyve. Før det vert gjeve igangsetjingssløyve for tiltaket må det liggje føre heimelshavarfråsregn frå alle direkte råka grunneigarar.

## **Plassering**

Plassering er vist i situasjonsplan datert 15.09.2017.

## **Visuelle kvaliteter**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehør gode visuelle kvaliteter både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## **Flom, skred og andre natur- og miljøforhold**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:**

### **Nabomerknad**

Ansvarleg søker har motteke e-post frå tre av dei varsle grunneigarane, og desse er svart på ved e-post. I brev til Radøy kommune datert 14.11.2017 har ansvarleg søker kommentert nabomerknadane.

Merknadane er delvis knytt til at nabovarslet har faktafeil og er upresist. Bla. stadnamn på tilknytningspunkt på Grindheim. Tilknytningspunkt er vist i situasjonsplan, og det er ikkje usemje om kor tilknytningspunktet faktisk er.

Andre nabomerknadar er knytt til privatrettslege tilhøve for legging vassleidning i Mykingsvatnet. Radøy kommune ved avdeling for teknisk drift er ansvarleg for å innhente naudsynte avtalar med grunneigarar for legging av leidning i vatnet. Ansvarleg søker opplyser at dette skal liggje føre ved søknad om igangsetjingsløyve.

Den siste nabomerknaden er knytt til krav om Innmåling av tiltaket, legging av leidningen i vatnet og utforming av lodd m.m. Ansvarleg søker opplyser at vassleidningen vil verte innmålt etter legging og leidningen vert lagt der vatnet er djupast. Synkelodda som skal nyttast er boltefrie og avrunda. Når det gjeld forankring, vil dette verte gjort på Grindheim og med forankringskloss i grøft på land på Listveit.

Framdriftsplan for arbeida vert framlagt når det er gitt igangsetjingsløyve og kontrakt med entreprenør er inngått.

Naudsynte godkjenningar til leggearbeida skal inngå som ein del av erklæringane som Radøy kommune skal inngå med grunneigarane.

Til slutt opplyser ansvarleg søker at Radøy kommune har opplyst at leidningen ikkje skal forlengast vidare til Bø.

På grunnlag av ansvarleg søkjars utgreiing av nabomerknadene, finn Radøy kommune at naboar sine merknadar er tilstrekkeleg ivaretatt og på grunnlag av dette er vilkåra for å kunne gje rammløyve for tiltaket tilstade.

Sjølve dispensasjonssøknaden er ikkje nabovarsla. Radøy kommune vurderer at nabovarsling som er gjort i samband med søknad om tiltak er tilstrekkeleg og at handsamar søknaden slik den ligg føre.

### Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

### Dispensasjon

Det må her vurderast om kommuneplanen sine føresegner vert vesentleg tilsidesett, samt om fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Leidningstraseen som er innteikna viser vassleidning frå Grindheim gjennom Mykingsvatnet og fram til ny kum på Lilletveit. Intensjonen med etablera anlegget er heving av tryggleiken og sikra god og trygg vassforsyning for framtida.

Kommunen vurderer dette som tiltak på bygd eigedom og ein dispensasjon vil ikkje gje prinsipiell verde. Tiltaket vil ikkje ha negativ innverknad på landbruksinteresser, natur eller friluftsliv, og vil ikkje koma i konflikt med allmenn ferdsle i området. Kommunen har særleg lagt vekt på at når arbeida er ferdige vil det ikkje vere andre synlege element enn kumlokka.

Når der gjeld at fordelane med å gje dispensasjon må vera større enn å ulempene må ein sjå på trongen for å fornya og heva tryggleiken rundt den kommunale vassforsyninga.

Etter ei samla og konkret vurdering med bakgrunn i ovannemnde saksutgreiing finn kommunen å kunne gje dispensasjon til å fråvika føremålet i kommuneplanen og gje dispensasjon for tiltaket som omsøkt.

**Dispensasjonsvedtaket vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland og til heimelshavar av eigedom gnr. 35 bnr. 2, til heimelshavar av eigedom gnr. 35 bnr. 1 og gbr. 36 br.nr. 7 og til heimelshavar til eigedom gnr. 35 bnr. 4 for klagevurdering.**

### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 2.

Føretaket **Asplan Viak as**, org.nr. 910 209 205, har erklært ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Asplan Viak as**, org.nr. 910 209 205, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering av vassleidning.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

FØRETAK	S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVARSMÅRÅDE
<b>Asplan Viak as, org.nr. 910 209 205</b>	S	SØK	2	Ansvarleg søker
<b>Asplan Viak as, org.nr. 910 209 205</b>	S	PRO	2	Prosjektering av vassleidning

\*S = Sentral godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

#### Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 24.11.17 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

#### Vedtak:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve DISPENSASJON frå LNF-føremålet i kommuneplanen for legging av vassleidning med kummer.**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1a, 20-3 vert det GODKJENT søknad om rammeløyve for legging av vassleidning med kummer som omsøkt på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at tiltaket vert utført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehøvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 2.
4. Arbeida kan ikkje setjast i gang før det ligg føre heimelshavarfråsegn frå alle direkte råka grunneigarar.
5. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:
  1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

#### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 30.03.17 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.6	Basisgebyr konstruksjonar og anlegg	kr	20 100
Kode 9.1.2	Dispensasjon som gjeld arealformål i plan	kr	<u>10 300</u>
	<b>Totalsum</b>	<b>kr</b>	<b>30 400</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløye føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsreidegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløye for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløye skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløye.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløye vert utskrive.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid være tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 17/1894

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Helge Dragøy	Sætrevegen 223	5936	MANGER
Johan Myking	Haugvegen 20	5914	ISDALSTØ
Jørn Myking	L P Wettres vei 32	1392	VETTRE
Radøy kommune			

**Mottakere:**

Asplan Viak	Eining for teknisk
Radøy kommune	drift